



## Referat frå kommunemøte måndag 20. april

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, fylkeskommunen, KS og Sivilforsvaret

Ikkje til stades: Etne kommune

### 1. Informasjonssaker

Vi har føreslått for Helsedirektoratet og Landbruksdirektoratet at det bør utarbeidast nasjonale føringar for Covid-19 og landbruket, særleg med tanke på sesongarbeidarar.

Vi er no orientert om at Landbruks- og matministeren har gitt Mattilsynet i oppdrag å lage ein skriftleg rettleiar om hausting av frukt, bær og grønsaker. Fylkesmennene er oppmoda om å kome med innspel til denne.

Vi jobbar vidare med problemstillingane knytt til praktisering av karantene for utanlandske sesongarbeidarar.

### 2. Skule og barnehagar

#### Halde barn heime etter skulane vert opna

I dei tilfelle kor barn ikkje kan vere på skulen fordi dei er i risikogrupper sjølv eller har føresette/søsken i risikogrupper, må skulen prøve å leggje til rette for at desse barne kan delta i opplæringsaktivitetar.

Når skulen vert opna for gitte trinn oppfordrar vi at elevar som ikkje tilhøyrar risikogrupper eller som har foreldre/søsken i risikogrupper, møter på skulen. Vi ventar ikkje at skulane lager eigen opplegg for barn som haldast heime. Foreldre som vel å ikkje sende barna på skule, må sjølv ivareta opplæringsplikta.

Viss elevar er sjuke, må dei vere heime. Ein må rekna med at nokon elevar vil ha meir fråvær i denne perioden enn dei elles ville hatt.

#### Tilbod til barn og unge i unnataksgrupper

Viss barnehagar eller skuler har redusert opningstid, skal dei likevel gi eit tilbod til barn med særlege behov og/eller foreldre med kritiske og viktige samfunnsfunksjonar utover den reduserte opningstida. Denne avklaringa vart publisert på Utdanningsdirektoratet sine nettsider måndag 20. april

Sjå udir.no for meir informasjon: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/>

#### Spørsmål frå kommunar

- **Opning av skular ut over det som er fastsett i covid-19-forskriften**

Vi har fått inn ei rekke spørsmål som gjeld rommet for å opne for opplæring utover det som er slått fast i forskrifta §§ 12 og 12a. Det generelle svaret er at forskrifta gjeld, og det vert ikkje opna for unnatak.

Når det er sagt, så skal skular som er godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, som



tilbyr praktisk opplæring med behov for tilgang til lokalar og utstyr, vere opne så langt det er naudsynt for å fullføre opplæringa. Utover dette skal skular som er godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova vere stengde. Det vil bli sendt ut eit eige skriv til alle skulane som fell inn under kap. 4.

- **Tilvenning i barnehagane**

Aurland kommune har spurt korleis barnehagane som har løypande opptak kan syte for å få gjennomført tilvenning av nye barn. Vi har ikkje noko klart svar på korleis dette bør handterast i kommunane, men dette er ei problemstilling vi oppmodar alle barnehagar der det er aktuelt å tenkje gjennom. Viss det er nokon som har konkrete spørsmål knytt til dette så er det berre å ta kontakt.

- **Opne barnehagar – ei kort korrigering til referatet frå møtet 16. April**

Vårt svar i førre møte var at drifta i dei opne barnehagane ikkje var foreinleg med smittevernråda. Vi held i all hovudsak fast ved dette, men har blitt kjent med ein open barnehage som har lagt til rette for eit opplegg som har skissert ei drift kor smittevernråda vert ivareteke. Dette skjer ved at så godt som alle aktivitet vert gjennomført ute. Det vil si at så lenge dei opne barnehagane klarer å vise at dei kan følgje krava i smittevernrettileiaren, vil det òg vere greitt for desse barnehagane å halde opne.

- **Kulturskulane**

Ytlegare presisering: Kulturskulane er ikkje omfatta av reglane for stenging og opning av barneskular, men den enkelte aktivitet må vurderast særskilt.

- **Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)**

Det er ikkje vedteke bestemte nasjonale føringar for PPT i samband med Covid-19. PPT er ein del av den kommunale verksemda som ikkje er stengt. Det vil likevel kunne vere deler av oppgåvene som vil vere vanskeleg å gjennomføre i tråd med smittevernråda.

- **Arbeidstid pedagogisk personell**

*Vi har ikkje fått avklart spørsmålet som kom om arbeidstid for pedagogisk personell i møtet, men tek sikte på å svare på det i møtet på torsdag.*

### **3. Lokale smitteutbrot – eit døme og refleksjonar rundt vidare utvikling**

#### Døme frå Osterøy - utbrot i verksemd v/kommuneoverlege Anita Sørtveit

Osterøy kommune har fått eit smitteutbrot knytt til ein stor lokal verksemd med 150 tilsette som driv med matproduksjon.

Osterøy kommune registrerte 8. april dei to første i kommunen som var smitte av Covid-19. Smitteutbrotet vert fanga opp fordi HR-leiaren i den aktuelle verksemda melde frå til kommuneoverlegen at dei hadde eit unormalt høgt sjukefråvær. Ingen av dei tilsette hadde kraftige symptom, men omfanget sjuke gjorde at ein vart uroa. Kommuneoverlegen følgde opp med testing av dei tilsette og smitteoppsporing gjennom påska. I dag har kommunen registrert 39 som er smitta av covid-19, og blant desse kan alle unnateke ein sporast tilbake til verksemda.



Kommuneoverlegen oppretta tett dialog med verksemda, og bruke mykje tid på rettleiing for å hjelpe verksemda. Verksemda valde sjølv å stenge for å hindre spreiding, så kommunen måtte aldri gjere eige vedtak.

Verksemda sjølv trekk fram det gode samarbeidet med kommuneoverlegen som avgjerande, og satt pris på at dei fekk testa sine tilsette tidleg. Dei har gjennom dialog med kommuneoverlegen fått på plass gode smitteverntiltak for vidare drift i verksemda.

For å få stoppa smitteutbrotet var det avgjerande at verksemda stoppa produksjonen og vert stengt. Verksemda fekk òg ut informasjon til sine tilsette raskt om karantene/isolasjon som gjorde at ein fekk stoppa ein vidare spreiding ut i samfunnet.

Andre kommunar kan ta kontakt med smittevernoverlege i Osterøy om dei kjem i liknande situasjon. Det kan da òg opprettast kontakt med den aktuelle verksemda, som stiller seg positive til å vere ein ressurs for andre verksemder som måtte trenge det i framtida.

Kommuneoverlegen oppmodar andre kommunar om å opprette tett kontakt med verksemder som skulle oppleve liknande hendingar. Det vil elles vere viktig at ein syt for at kontaktinformasjon til smittevernansvarleg i kommunen er kjent, slik at ein får oppretta kontakt raskt.

#### Fylkesmannens refleksjonar

Mange kommunar syns det er vanskeleg å vite kva scenario dei skal planleggje for. Vi trur at større eller mindre lokale utbrot av covid-19 er mest sannsynleg framover, og at det vil vere noko kommunane kan ta utgangspunkt i sin planlegging og vere førebudd på å handtere.

Vi har sett fleire utbrot i fylket vårt den siste tida, både i fleire sjukeheim og i fabrikk. Karakteristisk frå desse er hastigheita på utbrota – frå ein dag til den neste er det mange nye smitta. Situasjonen krev rask handtering frå smittevernansvarleg lege i kommunane.

Fylkesmannen ønskjer å støtte kommunane i denne handteringa, og ber om å bli informert ved slike tilfelle. Det vil ikkje vere snakk om å overta handteringa, men støtte der det trengs og vere ein fagleg diskusjonspartnar. Vi ønskjer òg å bidra til ein læringsarena kor kommunane deler erfaringane sine med dei andre kommunane.

#### **4. Endring av tidspunkt for innrapportering av smittevernutstyr i Altinn**

Tidspunktet for kommunanes innrapportering i Altinn er flytta til tysdagar kl. 12.00 frå og med neste veke – veke 18. Denne veka gjeld torsdag, som vanleg. Grunnen til dette er at fordelinga skal skje med mest mogleg oppdatert informasjon.

For meir informasjon om innrapportering og distribusjon av smittevernutstyr sjå Helsedirektoratet sine heimesider: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/smittevern-for-helsepersonell/bestilling-og-distribusjon-av-verneutstyr-til-sykehus-og-kommuner>

#### **5. Smittevernutstyr**

##### Frivillige organisasjonar

Kommunar og helseføretak som nyttar frivillige organisasjonar til mellom anna prehospitala tenester må bidra til å sørge for at aktørane dei samarbeider med har smittevernutstyr som er naudsynt for



gjennomføre relevante tenester. Det vil etter Helsedirektoratet sin vurdering ikkje ver føremålstenleg å legge inn ytleger aktørar inn som sjølvstendige mottakarar av utstyr frå den nasjonale ordninga.

Det er elles viktig å hugse å bruke utstyr rett, og at det i fordeling av utstyr er di som er i direkte pasientkontakt som treng smittevernustyr.

#### Oppdatering om smittevernustyr frå Helsedirektoratet

Dei aktørane som har driftsavtalar med kommunen, til dømes fastlegar og fysioterapeutar, skal få utstyr frå kommunen. Andre aktørar kan ikkje kommunen vente å ivareta foreløpig.

Vet knappheit må kommunen syte for prioritering og omfordeling av utstyr internt i kommunen. Utgreiing og behandling av sjuke er første prioritet.

#### Fordelingsnøkkelen 70/20/10

Helsedirektoratet følgjer med på den samla situasjonen for smittevernustyr i kommunane og helseføretaka. Fordelingsnøkkelen vil bli tilpassa den faktiske situasjonen i helsetenesta. Så langt har ikkje vi registrert at nokon har stått i ein akutt situasjon utan smittevernustyr.

#### Merking av munnbind og kvalitetssikring av utstyr

Det utstyret som kjem i den nasjonale ordninga er kvalitetstesta.

Alle munnbind som så langt er distribuert gjennom den nasjonale ordninga er testa etter standarden EN 14683, og vist å møte krava til munnbind klasse II. Dette gjeld òg munnbind merka som "type I".

Dette har skapt uvisse i både kommunar og helseføretak. Informasjonen om merking og kvalitet på munnbind vil betrast ved seinare utsending.

## **6. Kommunens ansvar ved isolering**

Bergen kommune etterlyste på kommunemøte torsdag 16. april ei avklaring om kommunens ansvar. Kommunen understrekte at kommunens ansvar måtte nyanseras og at det ikkje var rimeleg at kommunen må bere dei økonomiske kostnadene i alle situasjonar.

Helsedirektoratet har kome med ei avklaring kring dette. Kommunen har berre ansvar der kommunen sjølv har fatta vedtak om avgrensing etter smittevernlova.

I covid-19-forskrifta § 11a første ledd står det at kommunen skal sørge for at person som etter § 11 skal opphalde seg i isolering, kan opphalde seg på hotell eller anna sted anvist av kommunen, dersom kommunen finn at bovilkår, familiesituasjon eller andre forhold medfører at isolering i heimen ikkje sikrar eit effektivt og forsvarleg smittevern.

Vidare står det i andre ledd at kommunen kan bestemme at hustandsmedlemmar kan få alternativt opphaldsstad i staden for pasienten.

I forhold til betaling står det i tredje ledd at kommunen skal dekke kostnadar som kommunen finn naudsynt for å sørge for tiltak etter første og andre ledd.

I rundskriv I-5/2020 står det òg nærmare presisert at kommunen tek stilling til om vilkåra er oppfylt. Innbyggjarar kan difor ikkje krevje hotell når kommunen ikkje meiner det er naudsynt.

Rundskrivet finn de her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-i-52020--informasjon-om-regelverk-og-anbefalinger---covid-19-utbruddet/id2698075/>



## 7. Testing

### Utvida testing

I vekene framover planleggast det å utvide testkapasiteten. Det vil bli teke i bruk fleire og nye metodar for testing.

Helsedirektoratet arbeider med å sikre at alle ledd i logistikken for å sikre auka prøvekapasitet. Dette inkluderer tilgang til pinnar og transportmedium. Dette er utfordrande, men målet er å ha tilstrekkeleg kapasitet i alle ledd til å kunne gjennomføre det som vert sett på som fagleg riktig med tanke på testing.

Fylkesmannen meiner at det er viktig at kommunane byrjar å tenke gjennom ein del praktiske ting knytt til dette:

- At testinga ikkje bør skje for mange stader slik at nokon kan få bygd opp mengdetrening og kan gjere dette mest mogleg effektivt.
- At ein har tenkt gjennom korleis testane skal kome vidare til analyse og svara formidlast til den enkelte.

### Testkriterier

FHI har 20. april publisert nye testkriterier på sine heimesider. Prioriterte grupper inkluderer no born, elevar og tilsette i gjenopna barnehagar, skular og SFO:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/testkriterier/?term=&h=1>

### Testing av kommunenes smittevernustyr frå andre leverandørar

Det er eit ønskje frå fleire kommunar om bistand til testing av utstyr som dei kjøper frå eigne leverandørar.

Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) kontrollerer dei nasjonale innkjøpa i etter standarden EN 14683 for munnbind og EN 149 for åndedrettsvern. Dei har avgrensa testkapasitet utover dette.

Helsedirektoratet har vore i kontakt med mellom anna Arbeidstilsynet, Legemiddelverket og Norsk akkreditering for å kartlegge aktuelle testlaboratoria.

Det er per i dag ingen norske laboratoria som er akkreditert for testing etter dei gjeldande standardar for smittevernustyr, men helsedirektoratet følgjer denne saken vidare i samarbeid med andre relevante aktørar.

Helse Førde presiserer at helseføretaket kan bidra med rettleiing av kommunar som har spørsmål om dette, men har ikkje høve til å gjennomføre testar.

## 8. Korona-bedrageri retta mot helseinstitusjonar

Helsedirektoratet har distribuert ei liste over namn på fiktive selskap som driv med bedrageri gjennom å tilbyr smittevernustyr som er sendt ut av Frankrike. Vi vil legge ved informasjonen frå Frankrike ved utsending av referatet. Felles for dei er at de krev 70 % av betalinga på forskott, men det kjem inga leveransar.



## **9. Rettleiar for smittevern fagleg forsvarleg drift i helseverksemdar med ein til ein kontakt – verksemdar omtalt i § 16 i Covid-19-forskrifta**

Rettleiaren er no publisert på Helsedirektoratet sine sider:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/smittevern-faglig-forsvarlig-drift-i-helsevirksomheter-med-en-til-en-kontakt-covid-19>

## **10. Prioriteringsråd i samarbeid mellom Helsedirektoratet og Legeforeningen**

Det er behov for konkrete prioriteringsråd ute i tenesta. I det overordna prioriteringsnotatet frå 25. mars skreiv Helsedirektoratet at ein meir konkretisert skildring av prioriteringar innan ulike fagområda vil bli utarbeidd i samarbeid mellom Helsedirektoratet og Legeforeningen.

Samarbeidet med Legeforeningen har nå resultert i prioriteringsråd for 30 spesialitetar utarbeida av Legeforeningen, inkludert allmenntilleggsmedisin. Desse råda finn de her:

<https://www.legeforeningen.no/fag/aktuelt/fagmedisinske-foreningenes-prioriteringer-i-forbindelse-med-koronaviruset/>

Desse prioriteringsråda anerkjennast av Helsedirektoratet under covid-19 pandemien. Prioriteringsråda gjeld alle pasientar, ikkje berre dei med covid-19. Legeforeningens råd utfyller Helsedirektoratet sitt overordna prioriteringsnotat. Dei gjer gode råd for leger som skal gjere kliniske prioriteringar og bidreg til at helsetenesta kan gjere gode prioriteringar. Legeforeninga vil framover oppdatere råda ved behov.

## **11. Forbod mot utanlandsreiser for helsepersonell**

Føremålet med føresegna er å ikkje miste verdifullt personell i denne situasjonen.

Personell som helsesøster og kommuneoverlegar/smittevernlegar er i denne samanheng nøkkelpersonell som må omfattast av føresegna sjølv om dei ikkje er i direkte pasientbehandling, slik § 17 i Covid-19-forskrifta seier.